

Sauer på beite - hugs grindene.

27.05.2017



Sauene beitar på innmark før dei vert sleppte til fjells - hugs grindene (Arkivfoto)

Det er framleis sauer som beitar på innmarka. Det er nemleg enno nokre veker før sauene vert sleppte til fjells. Uskedalen.no har motteke merknader om det vi skreiv om sauer på Halsatoppen og vanskar med å lukka grinder. Ein aktiv turgåar og friluftsmenneske har full forståing for problemet med sauer på beite og grinder. Han oppmodar sterkt alle til å lukka grindene når ein går på tur.

Den same personen legg til at grinda på Halsatoppen knapt kan kallast ei grind. Det er gjerdenot med ein staur i enden, noko som gjer det vanskeleg for born og vaksne å lukka på ein god måte. Dersom dette hadde vore ei grind, ville alt vore mykje enklare. Slik grinda fungerer i dag, fører til at mange stig over gjerde på eit berg like ved.

Halsatoppen er eit mykje brukt turmål i nærrområde,- eit fint tilrettelagt utsiktspunkt med benk og platning. Halsatoppen ligg i den mest brukte merka stien til Storhaug og Mannsvatnet. Med enkle tiltak kan det gjerast mykje betre på Halsatoppen, seier lesaraen til Uskedalen.no.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal